

Leiar i Uskedalen Bondelag Olav Hjetland Bringedal har på vegne av alle bondelag og småbrukarlag i Kvinnherad sendt ei fråsegn i samband med revisjon av arealdelen til kommunedelplanen.

Der vert det streka under som eit krav frå ei samla landbruksnæring i kommunen at det ikkje vert omdisponert dyrka mark til andre føremål. Dette bør koma heilt tydeleg fram i planen.



Olav Hjetland Bringedal i det moderne sauefjøset sitt

Det vert peika på i fråsegna at landbruket er den største næringa mål i årsverk i kommunen og nest størst etter produksjon i fylket. Hvis ein må ta mindre areal av dyrka mark til vegutbetring og liknande må det vera med i planen at jorda som vert fjerna skal nyttast til matproduksjon ein annan stad i kommunen. Det er gledeleg å sjå at mange unge satsar og etablerer seg som bønder. Mange er og av dei beste og mest innovative i landet på sine produksjonar. Det betyr at det i framtida vert svært viktig å tilretteleggja for ei næring som er i vekst.

Berre 3 prosent av totalarealet i landet er eigna for matdyrking og det kvilar difor eit stort ansvar på disponeringa av jorda i framtida. Vern av matjord bør verta likestilt med vern av strandsoner og naturområde, heiter det i fråsegna.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen